



Postmottak KD

Vår ref.: 18/01189-3

Deres ref.: 19/3216

Dato:16.09.2019

## Svar på høyring om forslag til endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

VID vitenskapelige høgskole viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet 28. juni 2019 med invitasjon til å gi svar på høyring om forslag til endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning med høyringsfrist 16. september 2019.

### § 2-2 (2). Utanlandsk utdanning

VID støttar framlegg om endring i andre ledd, punkt nr 4, om at test i norsk, høgre nivå, skal vere bestått både skriftleg og munnleg.

### § 2-2 (3). Utanlandsk utdanning

VID stiller seg bak forslaga til endring om norskkravet framsett av Samordna opptak då det finst mange andre måtar å dokumentere dette på.

### § 2-2 (4). Utanlandsk utdanning.

VID støttar framlegg om endring i fjerde ledd, om søkjarar med International Baccalaureate (IB). VID anerkjenner konverteringstabellane utarbeidd av Samordna opptak og Utdanningsdirektoratet, og støttar framlegg om at Norsk B standard level frå IB ikkje lenger oppfyller kravet til norsk.

### § 3-8. Unntak frå krav om generell studiekompetanse for opptak til studium i nautikk

VID har ingen innvendingar mot denne regelendringa.

### § 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram

VID stiller seg bak Samordna opptak sine kommentarar til lovforslag for dei institusjonane det gjeld.

### § 4-10. Spesielle opptakskrav til diverse fag

VID har ingen innvendingar til denne endringa.

### § 7-2 Kvote for førstegongsvitnemål og ordinær kvote.

VID støttar Samordna opptak sitt forslag om å endre reglane om kven som kan konkurrere i kvote for førstegongsvitnemål.

§ 7-4. Poengberekning av søkjarar med meir enn eitt grunnlag for rangering  
VID stiller seg bak Samordna opptak sin kommentar.

§ 7-5. Karakterpoeng  
VID støttar framlegg frå Samordna opptak.

§§ 7-5 og 7-6. Karakterpoeng  
VID er einig med Samordna opptak.

§ 7-7. Karakterforbetringar  
VID er einig med Samordna opptak.

Med vennlig hilsen

Bård Mæland  
Konstituert rektor

Ella Johanne Flatland  
rådgiver, opptaksleder